

Intervju med kunstnaren Karen Helga Maurstig

Skreven av Ida Elisabeth Lending (15) og Lmar Haj Ali (13)

07. Juli #Sommarredaksjonen 2025 - Solund kommune

Under omvisninga på Hardbakke kai i Taklebua, som er eit av fleire Episenter til Fjordkysten regional- og geopark, fekk vi møte kunstnaren Karen Helga Maurstig. Ho hadde utstilling inne i bua, og vi blei invitert inn for å høyre meir om arbeidet hennar.



Bilete av Karen Helga og Maurstig og utstillinga på Taklebua. Foto, Ida Elisabeth Lending.

Vi hadde førebudd eit breitt eit intervju med spørsmål vi var nysgjerrige på, og svarte på ein fin og roleg måte at det føltes meir som ein samtale enn eit intervju. Ho fortalde openhjarta om kunsten sin, livet, kjærleiken til naturen og korleis ho blei kunstnar.

Kl. 06.00 og ekkoet av ein måse

Det først vi spurde om var utstillinga ho hadde her, som heit “kl. 06.00 og ekkoet av ein måse”. Vi syntes det var veldig artig tittel, så vi lurte på kva ho meinte med det. Då svarte ho:

-Eg sto opp klokka seks ein morgon i bua mi på stranda her i Solund. Det var heilt stille. Heilt roleg. Det var berre eg, måsane og nokre sauer som var vakne. Så kom det eit måseskrik, og det var liksom einaste som lagde lyd. Det ekkoet fekk med til å kjenne meg veldig tilstades, og det inspirerte meg til å lage eit verk basert på den kjensla.

Det syntest vi var så fint – at ho lagar kunst ut av små augeblink i kvardagen, og ikkje berre store dramatiske ting.

Vi spurde også om korleis ho hadde vokse opp, og korleis ho blei interessert i kunst. Då fortalde ho att ho vakse opp i byen, ho hadde då familie her ute i havgapet. Ho likte å være her ute i Solund. Det var liksom meir fritt fortel hun.

-Eg opplevde mykje i barndommen, spesielt ilag med min onkel. Han hadde så utruleg stor kjærleik for naturen. Eg hugsar veldig godt at han pleide å gå opp på fjellet for å mjølke kyr. Det var liksom heilt naturleg for han, og det viser kor stor respekt han har for den enkle livet og naturen rundt seg. Det same respekten prøvar eg og ta med inn i kunsten min.

Vi syntest det var veldig fint sagt. Ho sa òg at ho trur folk i Solund generelt har ein spesiell respekt for naturen, fordi vi lever så tett på han.

– Her kan vi ikkje berre gå ut og fiske når veret er dårleg. Vi må vente, lytte og forstå. Det gir ei heilt anna nærleik til naturen, og det kjem fram i kunsten min.

Japan – og kunsten som noko roleg

Vi fekk også høyre om at Karen har vore i Japan fem gonger. Det hadde vi ikkje forventa! Ho fortalte at ho er veldig inspirert av japansk kunst og estetikk, og at ho har lært mykje der.



Bilete frå utstillinga i Hardbakke hamn. Foto, Ida Elisabeth Lending

– I Japan lærer ein ikkje berre å teikne. Før du byrjar, må du forstå det du skal teikne. Til dømes: viss du skal teikne ein katt, så handlar det ikkje berre om forma – du må prøve å forstå korleis katten er, kva slags vesen han har.

Ho sa også at kunsten der ikkje handlar om å vere flink eller perfeksjonistisk, men om ro og nærvær. Der set du deg ikkje berre ned og byrjar å teikne. Du betraktar, gjerne knelende, og ventar til du kjenner ei indre ro. Då fyrst byrjar du å skape.

Vi syntest det var veldig fint, - og det gav oss ei heilt ny forståing av kva kunst kan vere.

Japansk symbolikk – stein på stein

Eit av verka hennar var inspirert av noko som heiter Gorinto, eit japansk uttrykk som handlar om steinar som er stabla oppå kvarandre. Ho forklarte det slik:

– Den nederste steinen symboliserer jorda og naturen, og den øvste symboliserer universet. Eg ville bruke ulike teknikkar for å formidle den balansen, og det tok lang tid – fordi eg ville verkeleg forstå kva det betydde, ikkje berre lage noko som såg fint ut.

Blindtrykk og kvite ark

Eit anna tema vi kom inn på var blindtrykk. Vi visste ikkje heilt kva det var, så vi spurde:

– Blindtrykk er når du trykker bilete utan farge, sa ho. – Du får fram berre konturane og strukturane, og det gir eit heilt eige uttrykk. Det er nesten som eit minne – noko du kan sjå, men ikkje heilt gripe.

Ho fortalte at ho elsker kvit ark. Det er ein av favorittane hennar. Ho sa ho hadde veldig lyst å lage meir blindtrykk, fordi ho likar den stille og enkle måten å uttrykke seg på.

Frottasje og gammal kai

Vi fekk også høyre at ho hadde jobba med noko som heiter frottasje – å gni fram strukturar frå overflater, for eksempel frå ein gammal kai. Ho hadde teke avtrykk frå ein kai og brukt det i eit kunstverk.

– Å jobbe med det var både tidskrevande og meningsfullt. Det var mange ting som påverka prosessen – materialet, historia, og stemninga rundt kaien. Det tok tid å bli ferdig med det, men det var verdt det.



Bilete. Bryggja ved naustet. Foto, Ida Elisabeth Lending

Det analoge mot det digitale

Vi spurde også kva ho tenkjer om det å jobbe med handverksteknikkar i ei tid der alt er digitalt. Då sa ho:

– Eg føler det er veldig viktig. Når alt skjer på skjerm, mister ein lett kontakten med seg sjølv. Men når eg jobbar med hendene og verkelege materialar, føler eg at eg får tilbake roen og sansane mine. Det er godt for kroppen og sjela.



Bilete frå utstillinga i naustet på Strandavågen. Foto, Gudrun Kristin Fatland

Til slutt...

Etter å ha snakka med Karen Helga Maurstig, sit vi igjen med ei sterk oppleving av at kunst ikkje berre er noko du ser, det er noko du kjenner. Det handlar om å vere nær, å respektere naturen, og å tørre å skape noko utan stress eller jag etter perfeksjon. Det var eit veldig inspirerende møte, og vi lærte mykje meir enn vi hadde trudd. Tusen takk for at du delte med oss, Karen!